



# S Bridgeklubb

## ÅRSMELDING 2017-2018

### Styret har vore sammensett slik:

Leiar:	Anders Johansson
Kasserar:	Linda Rasmussen
Styremedlemmer:	Leif Juvik, Wenche Torgersen Nyborg, Reidar Dale
Revisor:	Kåre Kristiansen
Valkomite:	Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

### Styremøte

To styremøte er avvikla denne sesongen. Elles held styret kontakt via e-post/telefon/Facebook.

### Spelekeldar

Det er blitt avvikla 38 spelekeldar, ein meir enn sesongen 2016/2017. Dessutan har vi arrangert, romjulsturnering og tre turneringar i forbindelse med klubbturen til Herdla i januar. I tillegg kjem seks spelekeldar i juniorklubben.

### Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkeldane denne sesongen er lågare enn forrige sesong. På dei 37 spelekeldane vi har hatt (pr. 15. mai), som er rapportert gjennom Ruter, har det deltatt 300 par, noko som gjer eit snitt på 8,1 par/kveld. Tilsvarande tal forrige sesong var 320 par på 33 spelekeldar; eit snitt på 9,7 par/kveld. Ein del av klubbens medlemmer er relativt aktive i turneringar utanom klubben. Sjå resultatoversikten sist i beretningen for resultata her.

### Medlemmer

Klubben har pr. utgongen av april 2018 30 registrerte medlemmer. Talet ved utgangen av april 2017 var 34. Medlemmene i juniorklubben er enno ikkje registrert. Vi avventar utfall av sak på forbundstinget i juni før vi gjer dette.

### Bridgemate/meldebokser/kortdublering


Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 20 bord. Kortdubleringsmaskina var ved årsskiftet til service hos Jannersten i Sverige. 24 korthaldarar er kjøpt inn til bruk i juniorklubben.

## Spelelokale

Alle spelekveldane denne sesongen er blitt spelt i Os Eldresenter. Juniorklubben har hatt sine spelekeldar på Os Folkebibliotek.

## "Grasrotandelen" og momskompensasjon

Grasrotandelen er framleis ei fantastisk inntektskjelde for klubben. 24 spelarar hos Norsk Tipping gav ved utgangen av 2017 sin andel til Os BK (25 spelarar ved utgangen av 2016). Til saman gav det 51 403 kroner til klubben (kr. 57 123 i 2016). Endringar i fordelingsnøkkelen frå og med 1. januar 2018 resulterer dessverre i at vi må rekna med reduserte inntekter dei komande åra, sjølv om grasrotandelen auka frå 5 til 7 prosent for fleire av spela frå same dato.



Utviklinga av Grasrotandelen for Os BK 2010 - 2017. (Kjelde: Norsk Tipping).

I tillegg til Grasrotandelen søkte klubben våren 2017 om momskompensasjon, ei ordning der frivillige lag og organisasjonar kan søkja om kompensasjon for kostnader ein har hatt til meirverdiavgift. Like før jul 2017 kom det melding frå NBF at klubben var tildelt kr. 6 801,- i slik kompensasjon for 2016. (For 2015 fekk vi kr. 8194.-)

Dessutan fekk klubben hausten 2017 tilsegn om kroner 8486.- i frifondmidlar (driftsmidlar). Dette er øyremerkte pengar til barne- og ungdomsarbeid og har i heilhet blitt brukt til oppstart av juniorklubb. (Sjå eige avsnitt om Os juniorbridgeklubb).

## Os juniorbridgeklubb



Hovudsatsinga denne sesongen har vore oppstart av juniorklubb. Etter at vi på haustparten fekk tilsegn om 8486,- i frifondmidlar, gjekk vi i gang å planleggja ein eigen klubb for spelarar under 26 år. Eit veleigna lokale, helst gratis, måtte skaffast, og Os Folkebibliotek, der vi òg tidlegare har halde kurs/samlingar for ungdom peikte seg fort ut. Vi var heldige då biblioteket frå årsskiftet blei eit «meirope bibliotek», der tanken mellom anna er at biblioteket skal kunna nyttast til denne type aktivitet. Vi søkte om å få disponera lokalet seks fredagskveldar på vårparten, noko vi straks fekk. Takk til Ellinor Engelstad ved biblioteket for godt samarbeid.

På nyåret gjekk vi i gang å annonsera tilbodet. Det blei annonsert i «Os og Fusaposten», både på nett og papir, i tillegg til Facebook. «Os og Fusaposten» laga òg redaksjonell sak på klubben som kan lesast på nettsida vår.

I tillegg blei det utabreidd ein brosjyre som blei lagt ut på sentrale stader og dessutan delt ut/sendt til ungdom i bygda.

Første spelekveld gjekk fredag 2. februar. Det møtte fire ungdomar denne kvelden. Vi hadde håpa på litt fleire, men dei som møtte var absolutt interessert. Etter kvart utover våren kom det fleire med. I alt har ca 20 ungdomar spelt med oss ein eller fleire gonger. Dei fleste har vore frå Nore Neset-krinsen, og vi håper å kunna stilla lag derifrå ved skulemeisterskapet i november.

Takk til alle som har vore med å få klubben igong, og spesielt til Torhild for den flotte måten ho lærer opp ungdomen i bygda til å lika å spela kort.

Under følgjer nokre bilete frå spelingu i juniorklubben. Rapport om bruk av midlane er òg sendt NBF. Rapporten er lagt på nettsida vår og kan lesast der.



Juniorklubben stiller i eigne drakter



Mie Louise Askeland Døsen. Til høgre Ida (mor)





### Ungdoms-EM for lag

Ungdoms-EM for nasjonslag blei spelt i perioden 8. - 15. juli 2017. Meisterskapet gjekk denne gongen i Samorin i Slovakia. Klubben var denne gongen godt representert, då både Carl-Otto Curran og Thea Hauge var tekne ut til å spela for Noreg.

Carl-Otto spelete på det norske u21-laget. Det blei 12. plass på laget og dessverre ingen billett til neste års VM i Kina. Kun dei seks beste laga i EM er kvalifisert til VM.

Thea Hauge på det norske u26-jentelaget kjempa ein knallhard kamp for å nå VM, men heller ikkje dei kom inn blant dei seks beste. Det enda med 7. plass og første reservelag til VM. Nokre av dei kvalifiserte laga har i ettertid takka nei til å spela i Kina, så dei norske jentene kjem til å delta. Om Thea kjem til å spela er i skrivande stund usikkert pga problemar med å få fri frå studier. Nokre bilete frå ungdoms-EM her.



Noreg stile med ein stor tropp og lag i alle fire klassane under ungdoms-EM i Slovakia juli 2017.



Det norske u21-laget. Frå venstre: Lars Arthur Johansen (lagleiar), Markus Lund, Simen Sørli Helgeby, Carl-Otto Curran, Arne Osnes Devik og Lars Eide (lagleiar).



26th European Youth Team Championships

Det norske u26-jentelaget. Frå venstre: Elisabeth Græsholt Sjødal (lagleiar), Sofie Græsholt Sjødal, Agnethe Hansen Kjensli, Thea Lucia Indrebø, Katarina Eken, Thea Hauge og Sven-Olai Høyland (lagleiar).



Heile ungdoms-EM

### Simultanturneringar

Simultanturneringane er no ein fast del av programmet for mange klubbar. Vi har deltatt i alle som er blitt spelt på måndagar. Ingen topplasseringar for våre spelarar er oppnådd denne sesongen, verken enkeltersultat eller samanlagt.

### MP-treff 2017

MP-treffet blei som vanleg spelt første veka i desember. 290 par deltok på landsbasis i måndagsturneringa, og beste par frå vår pulje blei Linda Rasmussen - Leif Juvik som blei nummer 86. I tillegg til våre eigne par hadde òg ein god delegasjon frå Austevoll teke turen til Os denne måndagen.

### Juleavslutning med single-turnering

Siste spelekveld før jul blei det avslutning med single-turnering, vinlotteri og god mat. Tusen takk til Florence for flotte snittar og Linda for kake.

Singleturneringa gjekk over 8 rundar à 3 spel og det blei delt siger mellom Tarjei Vangdal og Tor Anders Hauge. Tredjepllassen gjekk til Kåre Aasen.



Pallen ved årets juleavslutning. Frå venstre Kåre Aasen, Tor Anders Hauge og Tarjei Vangdal delvis skjult bak Anders Johansson som stod for premieutdelinga.

### Os BK juleturnering

Årets utgåve av juleturneringa blei spelt i Kløvertun (Sanitetshuset) laurdag 30. desember. Heile 35 par stilte til start og etter ei nervepirrande avslutning blei det til slutt siger til Jim Høyland Sigurd Østerbøvik, med Tor og Christian Bakke på andre plass og Bjarte

Midttveit - Finn Fyllingslid på tredje plass. Jim Høyland vann forøvrig også fjorårets turnering, då saman med Sven Olai Høyland.

Turneringa blei som vanleg leia med stø hand av Leif Gunnar Kleppevik. Stor takk òg til Austevoll Bridgeklubb for god hjelp til avvikling av turneringa og for lån av bord.

Under følgjer nokre bilete frå turneringa.



Jim Høyland og Sigurd Østerbøvik vann årets juleturnering. Her frå runden dei spelte mot Trond Hantveit (t.v) og Anders Dale.



Stilig med bridgebord over heile salen. Gunnveig Wetteland var ein av dei som var tidleg på plass. Takk til Austevoll BK for lånet og god hjelp.



Livet er kort.



Beste ospar i år blei Carl-Otto Curran og Reidar Dale på ein flott 6. plass

## Tur til Herdla

Tradisjonen tru arrangerte klubben tur til Herdla Gjestgiveri i byrjinga av det nye året. Turen denne sesongen gjekk helga 13. - 14. januar, og 16 personar var med denne gongen, like mange som forrige sesong.

Først på programmet stod lagturnering. Det blei spelt tre kamper - alle mot alle - og vinnarar av denne turneringa blei "Lag Berit", med Berit Grimstad, Kate Fauskanger Tor Anders Hauge og Anders Johansson på laget.

Etter middag blei det laurdag kveld spelt singleturnering. Her gjekk Per Skoheim til topps, framfor Kate Fauskanger på andre plass og Anders Johansson på tredje.

Helga blei avslutta med parturnering søndag føremiddag. Denne gjekk over 21 spel og blei vunne av Marit Havelin - Leif Juvik framfor Torhild Rasmussen - Anders Johansson og Berit Grimstad - Hans Victor Koch på tredje plass.

Fullstendige resultatlister frå turneringane under resultatdelen sist i årsberetningen.

Klubbturane til Herdla har vore ein stor suksess kvart år. Klubben har alt booka Herdla Gjestgiveri same helga neste år, så for dei som ynskjer å vera med 12. - 13. januar 2019 er det berre å sei frå.

Nokre bilete frå Herdla følgjer her.



Samling i salongen



Eit sommarbilete frå Herdla



Gerd, Linda og Tarjei



Per, Torhild og Hans Victor



Jørn og Tor Anders



Spelesalen på Herdla



"Per spelmann" under middagen laurdag kveld



Soloppgang

#### Klubbmesterskap par

Klubbmesterskapet for par blei spelt over tre måndagskveldar i februar. Suverene vinnrarar denne gongen blei Anders Johansson - Tor Anders Hauge, men Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen på andre plass og Bjørn Hauge - Frode Dyrstad på tredje. Fullstendig resultatliste:

<b>Namn</b>	<b>05.feb</b>	<b>12.feb</b>	<b>19.feb</b>	<b>Samanlagt</b>
Anders Johansson - Tor Anders Hauge	65,97	68,75	53,47	188,19
Anne Merete Heggland - Torhild Rasmussen	54,86	52,78	60,42	168,06
Bjørn Hauge - Frode Dyrstad	52,08	52,08	47,22	151,38
Reidar Dale - Carl-Otto Curran	42,36	51,39	56,25	150,00
Kåre Aasen - Joleiv Midttveit	52,08	47,22	47,92	147,22
Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit	47,92	40,28	46,53	134,73
Kåre Kristiansen - Jørn Rekkum	39,58	42,36	51,39	133,33
Per Skotheim - Hans Victor Koch	45,14	45,14	40,00	130,28

### NM klubbar

To lag frå klubben deltok i NM for klubblag. Os 1, beståande Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Reidar Dale, Carl-Otto Curran og Thea Hauge nådde tredje runde. Os 2 med Kåre Kristiansen, Leif Juvik, Joleiv Midttveit, Tor Anders Hauge og Anders Johansson på laget blei slått ut i runde 1+2. Kampresultat ect under resultatdelen sist i beretningen.

### Seriemesterskapet 2017 - 2018

Seriemeisterskapet blei som vanleg arrangert over to helgar; ei på hausten og ei i månadsskiftet januar/februar.

Stig Gamlemshaug spelte også denne sesongen 2. divisjon på lag Træet. Det blei 3. plass denne gongen, og dermed 2. divisjon også neste sesong.

Lag Johansson, med Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Joleiv Midttveit og Rune Fagerbakke på laget enda sist i sin avdeling i 3. divisjon, og rykkjer dermed ned til 4. divisjon komande sesong.

Lag Hauge, med Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Reidar Dale, Carl-Otto Curran og Arne Osnes Devik på laget blei nr. 7 i sin pulje i 4. divisjon, og dermed ikkje opprykk.

### NM for damelag

NM for damelag blei spelt helga 10. - 11 mars med 32 deltagande lag. Turneringa blei i år arrangert på Sola utanfor Stavanger, og tre av laga hadde osingar på laget. Best gjekk det for Thea Hauge på laget «Norge jenter med innbyttere» som kom på 15. plass. Øvrige resultat under resultatdelen.



NM damelag 2018. Torhild og Anne Merete nærmest kamera. Foto: NBF.

### Servering

Kiosken har vore i drift heile sesongen med servering av vaflar, kaffi, pannekaker, brus ect. Vi takkar Florence ØLstrem for godt utført arbeid.

### Økonomi

Rekneskapet viser eit overskot på kr. 5 614.-. Dette er ca 4 000.- kroner dårlegare enn 2016/2017- sesongen. Færre par på klubbkveldane forklarer det meste av resultatnedgangen.

### Speleavgift

Vi har hatt kr. 50.- (25.-) i speleavgift denne sesongen. Dette er same speleavgifter som forrige sesong.

## Resultatoversikt

Maibridgen, 25. mai 2017, Børnlo Hotell, Rubbestadneset (33 par)

- 8. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
  - 13. Carl-Otto Curran - Reidar Dale
  - 21. Leif Juvik - Frode Dyrstad
  - 24. Kåre Kristiansen - Jørn Rekkum
  - 28. Elisabeth Over - Åse Bauge
  - 32. Ole Årland - Laila Årland
- 

Storefjellturneringa, 10. - 11. juni 2017, Storefjell Høyfjellshotell (21 par)

- 20. Carl-Otto Curran - Arne Osnes Devik, Os BK/Breim BK
- 

Ope EM, Montecatini, Italia, 10. - 23. juni 2017

Kvalifisering, par, 20. - 21. juni (246 par)  
200. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

B-semifinale, 22. juni (128 par)  
73. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

---

26th European Youth TeamChampionships, 8. - 15. juli, Samorin, Slovakia

Jenter U-26 (10 lag)

7. Agnethe Hansen Kjensli, Katarina Eken, Sofie Græsholt Sjødal, Thea Hove Hauge, Thea Lucia Indrebø; Nesodden BK, Bergen Akademiske BK, Nesodden BK, Os BK, Nesodden BK

U-21 (17 lag)

12. Arne Osnes Devik, Christian Johnsen, Marius D. Austad, Carl-Otto Curran, Markus Lund, Simen S. Helgeby; Breim BK, Målselv BK, Flekkefjord BK, Os BK, Heimdal BK, Galleberg BK.

---

Den svenska bridgefestivalen; 28. juli - 6. august 2017, Ørebro

29. juli, føremiddag bronseturnering (155 par)  
111. Ole Årland - Laila Årland

29. juli, kveldsturnering bronseturnering (52 par)  
21. Ole Årland - Laila Årland

30. juli, føremiddag bronseturnering (226 par)

94. Ole Årland - Laila Årland

30. juli, kveldsturnering bronseturnering (98 par)

53. Ole Årland - Laila Årland

31. juli, føremiddag bronseturnering (397 par)

289. Ole Årland - Laila Årland

31. juli, kveldsturnering bronseturnering, Mix (261 par)

105. Ole Årland - Laila Årland

1. august, føremiddag bronseturnering (449 par)

244. Ole Årland - Laila Årland

1. august, kveldsturnering bronseturnering (169 par)

14. Ole Årland - Laila Årland

2. august, føremiddag bronseturnering (348 par)

21. Ole Årland - Laila Årland

2. august, kveldsturnering bronseturnering (134 par)

106. Ole Årland - Laila Årland

3. august, føremiddag bronseturnering (271 par)

150. Ole Årland - Laila Årland

3. august, kveldsturnering bronseturnering (125 par)

85. Ole Årland - Laila Årland

4. august, føremiddag bronseturnering (203 par)

89. Ole Årland - Laila Årland

4. august, kveldsturnering bronseturnering (78 par)

42. Ole Årland - Laila Årland

5. august, føremiddag bronseturnering (173 par)

107. Ole Årland - Laila Årland

5. august, kveldsturnering bronseturnering (24 par)

7. Ole Årland - Laila Årland

6. august, føremiddag bronseturnering (40 par)

20. Ole Årland - Laila Årland

---

NM junior, par, 2. - 3. august 2017, Danvik skole, Drammen (21 par)

5. Thea Hove Hauge - Katarina Ekren, Os BK/Bergen Akademiske BK

15. Agnetha Hansen Kjensli - Carl-Otto Curran, Nesodden BK/Os BK

---

Marit Sveaas International Bridge Tournament, 4. - 6. august 2017, Den Norske Opera, Oslo (216 par)

143. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

144. Leif Juvik - Kåre Kristiansen

191. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

---

Bridgefestivalen 2017, 7. august - 13. august 2017, Drammenshallen, Drammen

Kveldsturnering 6. august (42 par)

29. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

Opningsturneringa, 7. august (31 par)

11. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

Kveldsturnering 7. august (22 par)

10. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

Førermiddagsturnering 8. august (34 par)

25. Laila Årland - Ole Årland

Ettermiddagsturnering 8. august (44 par)

29. Rolf Høyland - Ole Årland, Rognan BK/Austevoll BK

Kveldsturnering 8. august (36 par)

8. Leif-Erik Hoel Stabell - Anders Johansson, Spiren BK/Os BK

33. Ole Årland - Laila Årland

Førermiddagsturnering 9. august (28 par)

4. Leif Fjellro - Ole Årland; Askøy BK, Austevoll BK

Ettermiddagsturnering 9. august (36 par)

11. Leif Fjellro - Ole Årland; Askøy BK, Austevoll BK

Kveldsturnering 9. august (37 par)

6. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

19. Ole Årland - Morten Angell; Austevoll BK/Nesodden BK

Kveldsturnering 11. august (18 par)

14. Ole Årland - Finn Leiang; Austevoll BK

NM monrad lag, 7. august - 8. august (88 lag)

74. Fjordingane; Marius Fivelstad, Lars Arve Loen, Stig Olav Kleiven, Oddgeir Lyslo Bøe, Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Vikane BK, Stryn BK, Høyanger BK, Førde BK, Os BK, Os BK.

NM monrad par, 9. august - 10. august (92 par)

21. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

NM Mix par, 10. august - 11. august (170 par)

165. Ole Årland - Laila Årland

NM Mix lag, 12. august - 13. august (74 lag)

49. Trønder og stril; Ole Årland, Laila Årland, Tor Berg, Bente Hokstad, Austevoll BK, Austevoll BK, Åsen/Frosta BK, Åsen/Frosta BK

---

Kragerø Cupen, Kragerø Videregående skole, 26. - 27. august 2017 (38 par)

35. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

---

YCBC Ladies Swiss Teams, 16. - 17. september 2017, Young Chelsea Bridge Club, London (16. lag)

8. Girls on Fire!; Agnethe Hansen Kjensli, Katarina Eken, Thea Hove Hauge, Thea Lucia Indrebø; Nesodden BK, Bergen Akademiske BK, Os BK, Nesodden BK

---

Molde BK storturnering, 16. - 17. september 2017, Scandic Seilet Molde (37 par)

25. Rogeir Paulsen - Stig Gamlemshaug, Sunndalsøra BK/Os BK.

---

Scandic Maritim Cup 2017, Scandic Maritim - Maritim Hall, Haugesund, (29. september)

30. september - 1. oktober 2017

Velkomstturnering, fredag 29. september (15 par)

1. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

7. Rune Fagerbakke - Ole Årland

13. Elisabeth Østrem Over - Åse Bauge

Hovudturnering 30. september - 1. oktober (29 lag)

11. Hamnesjefens disipler; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Reidar Dale, Carl-Otto Curran

12. Stabby hjelte; Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Kåre Kristiansen, Leif Juvik

26. Hurramegrundt; Ole Årland, Laila Årland, Elisabeth Over, Åse Bauge; Austevoll BK, Austevoll BK, Os BK, Os BK

---

RondaneCup, Otta kulturhus Otta, 7. - 8. oktober 2017

Parturnering, 7. oktober (51 par)

40. Ole Årland - Laila Årland

Lagturnering 8. oktober (26 lag)

22. Trønder og stril; Laila Årland, Ole Årland, Bente Hokstad, Tor Berg, Austevoll BK,

Austevoll BK, Åsen Frosta BK, Åsen/Frosta BK

---

NM klubblag, oktober 2017 - mai 2018 (246 lag)

Os 1: Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale, Thea Hauge

Os 2 : Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Joleiv Midttveit

Resultat 1. + 2. runde

	IMP	VP
Os BK 1 - Åsane BK	79-46	15,91 - 4,09
BL Strileknekten - Os BK 1	60-44	15,23 - 4,77
Os BK 2 - Bergen Akademiske BK 1	54-79	5,22 - 14,78
Os BK 2 - Indre Hardanger BK	47-37	12,18 - 7,82

Os BK 1 klar for tredje runde, Os BK 2 utslått.

Resultat 3. runde

Os BK 1 - Samnanger BK 1                    56-77

---

Juleavslutning NBF Hordaland, Grand Hotel Terminus Bergen, 14. desember 2017 (33

spelarar)

4. Anders Johansson

14. Linda Rasmussen

21. Leif Juvik

23. Tor Anders Hauge

25. Tarjei Vedå Vangdal

---

Os BKs juleturnering, 30. desember 2017, Os (35 par)

6. Carl-Otto Curran - Reidar Dale
  8. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
  14. Ole Årland - Laila Årland
  16. Jørn Rekkum - Joleiv Midttveit
  19. Per Skotheim - Leif Juvik
  24. Bjørn Hauge - Thea Hauge
  32. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os BK
- 

Nyttårscupen 2017 velkomstturnering, 5. januar 2018, Letohallen Jessheim (61 par)

36. Bente Evertsen Faag - Thea Hauge, Sandnes juniorklubb/Os BK

Nyttårscupen 2017, 6. - 7. januar 2018, Letohallen Jessheim (65 lag)

30. Norge jenter; Thea Hove Hauge, Ida Marie Øberg, Thea Indrebø, Katarina Ekren, Os BK/KGB Klyve-Gulset BK/ KGB Klyve-Gulset BK/Bergen Akademiske BK
  60. Whooops; Christian Fredrik Johnsen, Magnus Sætre, Arne Osnes Devik, Carl-Otto Curran, Målselv BK/Lyngseidet BK/Breim BK/Os BK.
- 

Klubbtur til Herdla, 13. - 14. januar 2018, Herdla Gjestgiveri (16 deltagarar)

Herdla Teams

1. Tema Berit; Berit Grimstad, Kate Fauskanger, Anders Johansson, Tor Anders Hauge.
2. Team Elisabeth; Elisabeth Østrem, Tarjei Vangdal, Torhild Rasmussen. Anne Merete Heggland.
3. Team Gerd; Gerd Nøttveit, Linda Rasmussen, Per Skotheim, Hans Victor Koch.
4. Team Birgit; Birgit Holsen, Marit Havelin, Leif Juvik, Jørn Rekkum.

Herdla Individual

1. Per Skotheim
2. Kate Fauskanger
3. Anders Johansson
4. Gerd Nøttveit
5. Linda Rasmussen
6. Tor Anders Hauge
7. Berit Grimstad
7. Hans Victor Koch
8. Elisabeth Østrem
9. Tarjei Vangdal
10. Leif Juvik
11. Torhild Rasmussen
12. Birgit Holsen

13. Anne Merete Heggland
14. Marit Havelin
15. Jørn Rekkum

#### Herdla Pairs

1. Marit Havelin - Leif Juvik
2. Torhild Rasmussen - Anders Johansson
3. Berit Grimstad - Hans Victor Koch
4. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen
5. Elisabeth Østrem - Per Skotheim
6. Tarjei Vangdal - Tor Anders Hauge
7. Birgit Holsen - Jørn Rekkum
8. Gerd Nøttveit - Anne Merete Heggland

---

#### KM IMP over feltet NBF Hordaland, Grand Hotel Terminus Bergen 20. januar 2018 (14 par)

5. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad
  9. Rune Fagerbakke - Joleiv Midttveit, Austevoll BK/Os BK
  10. Carl-Otto Curran - Reidar Dale
  14. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os BK
- 

#### GolCup 2018, 20. januar 2018, Solstad Hotell, Gol (18 par)

16. Ole Årland - Laila Årland
- 

#### BM lag 2017 - 2018, september 2017 - februar 2018, meisterpulja (8 lag)

##### Grunnspel:

6. Lag Hauge; Bjørn Hauge, Tor Anders Hauge, Anders Johansson, Reidar Dale, Carl-Otto Curran, Frode Dyrstad, Stig Gamlemshaug

#### Sluttspel, nedrykkspulja (4 lag)

2. Lag Hauge.
- 

#### Seriemesterskapet 2017 - 2018

#### 2. divisjon avdeling C (12 lag)

3. Haugaland 1; Roger Træet, Øyvind Haga, Stig Gamlemshaug, Hallgeir Lunde, Helge Hantveit, Dag Heldal Paulsen/Stord BK/Kopervik BK/Os BK/Stord BK/Bergen Akademiske BK/Stord BK

3. divisjon avdeling F, Førde/Bergen (10 lag)

10. Lag Johansson; Anders Johansson, Tor Anders Hauge, Leif Juvik, Kåre Kristiansen, Rune Fagerbakke, Joleiv Midttveit

4. divisjon Bergen (13 lag)

7. Lag Hauge; Bjørn Hauge, Frode Dyrstad, Carl-Otto Curran, Reidar Dale, Arne Osnes Devik

8. Lag Austevoll; Ole Årland, Laila Årland, Øyvind Fedøy, Bjarte Haugland, Ingvar Huse, Kjetil Heggen

---

Dalanetreffen 2018, 3. mars 2018, AKS-kantinen, Egersund (36 par)

1. Thea Hauge - John Helge Herland, Os BK/Klepp BK

19. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

---

NM Damelag, veteran og bedriftsmeisterskap, velkomstturnering, 9. mars 2018, Quality Airport Hotel Stavanger (30 par)

21. Elisabeth Østrem - Åse Bauge

NM Damelag, (9) 10. - 11. mars 2018, Quality Airport Hotel Stavanger, (32 lag)

15. Norge jenter med innbyttere; Thea Hove Hauge, Katarina Ekren, Elisabeth Græsholt Sjødal, Unni Øberg/Os BK/Bergen Akademiske BK/Nesodden BK/KGB Klyve-Gulset BK  
30. Knall og fall; Elisabeth Østrem, Tone Mikalsen, Kate Fauskanger, Berit Grimstad/Os BK/Bodø BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK

32. Oz-jentene; Torhild Rasmussen, Anne Merete Heggland, Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit

---

White House Juniors Internationals 2018, 26. - 30. mars 2018, Amsterdam, Nederland  
Lagturnering (24 lag)

13. Noreg; Katarina Ekren, Thea Hauge, Thea Indrebø, Agnethe Kjensli, Sofie Sjødal, Ida Øberg; Bergen Akademiske BK, Os BK, KGB Klyve-Gulset BK, Nesodden BK, Nesodden BK, KGB Klyve-Gulset BK

Parturnering fredag 30. mars, (36 par)

24. Thea Hauge - Katarina Ekren, Os BK/Bergen Akademiske BK

---

Påskebridge Ørje, 28. mars 2018, Marker rådhus, Ørje (34 par)

12. Ole Årland - Laila Årland

---

Årdal BK 70 års jubileumsturnering, Bakeriet Øvre Årdal, 7. april 2018 (40 par)

24. Tor Anders Hauge - Anders Johansson

29. Elisabeth Østrem - Åse Bauge

---

KM par, Hordaland Bridgekrets, 21. april 2018, Hop skole, Bergen (15 par)

7. Leif Juvik - Kåre Kristiansen

---

Maibridgen, 10. mai 2018, Børnlo Hotell, Rubbestadneset (40 par)

11. Bjørn Hauge - Frode Dyrstad

13. Anders Johansson - Tor Anders Hauge

15. Reidar Dale - Carl-Otto Curran

15. Sigurd Østerbøvik - Stig Gamlemshaug; Kopervik BK/Stord BK

22. Leif Juvik - Kåre Kristiansen

24. Joleiv Midttveit - Kåre Aasen

37. Elisabeth Østrem - Åse Bauge

37. Ole Årland - Laila Årland; Austevoll BK/Austevoll BK

39. Wenche Torgersen Nyborg - Anne Marie Torgersen; Os BK/Rubbestadneset BK

---

Bridge for alle, Storefjell høyfjellshotell 18. - 22. mai 2018

Velkomsttutning, 18. mai (22 par)

17. Ole Årland - Lisbeth Aulid Eide; Austevoll BK/Svolvær BK

Turnering 19. mai (14 par)

5. Ole Årland - Laila Årland

Turnering 20. mai (15 par)

4. Ole Årland - Eli Ann Bakke; Austevoll BK/Horten BK

Turnering 21. mai (12 par)

2. Ole Årland - Svein Kaarød; Austevoll BK/Nesodden BK

Sammenlagt 19. mai 20. mai og 21. mai

2. Ole Årland

---

Pinsebridge Stavanger, 21. mai 2018, Bekkefaret bydelshus (20 par)

13. Thea Hauge - John Helge Herland; Os BK/Klepp BK

<b>Inntekter:</b>	<b>2017/2018</b>	<b>2016/2017</b>
Årskontingent	6 550,00	7 700
Kveldskontingent	49 075,00	49 975
Grasrotandel	51 403,48	57 124
Sal av kaffi etc	22 225,00	19 497
Momskompensasjon	6 801,00	8 194
Loddsalg	2 260,00	1 615
Diverse	9 361,10	354
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>147 675,58</b>	<b>144 459</b>
 <b>Utgifter</b>		
Kantine	16 000,00	12 800
Premier	13 345,00	9 370
Leige av lokaler *	47 700,00	47 800
Kontorrekvisita	0,00	40
Loddbøker og gevinstar	2 104,77	600
Porto	0,00	0
Blomster etc	0,00	900
Diverse omkostningar nbf **	23 920,00	33 938
Kontingent NBF	8 750,00	11 500
Annonse - Reklame	1 720,00	513
Varekjøp til kiosk med mer	8 085,00	11 929
Gebyr	126,00	114
Juniourarbeid ***	13 356,00	
Andre kostnader	7 065,75	5 294
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>142 172,52</b>	<b>134 798</b>
<b>Renteinntekter</b>	<b>111,00</b>	<b>108</b>
<b>Resultat</b>	<b>5 614</b>	<b>9 769</b>
 <b>Balanse</b>		
Bankinnskudd pr 30.04 på brukskonto	<b>85 997,54</b>	<b>80 397</b>
Bankinnskudd pr 30.04 på sparekonto	<b>4 855,71</b>	<b>4 842</b>
<b>Sum</b>	<b>90 853</b>	<b>85 239</b>

**Noter:**

- \* Husleie for april 2018 blir betalt i mai
- \*\* 50 kroner er ført for mye på årskontingent  
- pengene skulle vært ført som kveldskontingent
- \*\*\* Juniorarbeidet ble markedsført med annonser,  
disse er tatt her og ikke under posten "Annonser - Reklame"



*Os Bridgeklubb*

## Framlegg til styre 2018-2019 frå valkomiteen

Leiar: Anders Johansson, attval

Styremedlemer:

Reidar Dale, attval 2 år

Linda Rasmussen, attval 2 år

Wenche Nyborg, ikkje på val

Leif Juvik, ikkje på val

Revisor: Kåre Kristiansen, attval 1 år

Valkomite:      ??  
                      ??

---

**www.osbk.no**

---